

2014

Sogn og Fjordane
fylkeskommune

**Handlingsplan for oppfølging av
Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane
2010-2025**

1. Innleiing

Forankring

Handlingsplanen for reiseliv 2014 skal medverke til å oppfylle mål og strategiar som er fastsett i reiselivsplanen for Sogn og Fjordane 2010 – 2025. Handlingsplanen er utarbeidd av styringsgruppa for reiselivsplanen og mandatet er gjeve gjennom FT-vedtak 31/10 og HPN-vedtak 79/10.

Handlingsplanen gjev oversyn over planlagd aktivitet og tiltak i 2014 som skal føre til oppnåing av dei måla som er sett i reiselivsplanen. Mange av tiltaka er fleirårige og vert og vidareført frå tidlegare år. Handlingsplanen må sjåast i samheng med tidlegare rapportar. Alle tiltaka skal forankrast i strategiar og mål i reiselivsplanen. Handlingsplanen skal og innehalde budsjett og disponering av midlar for det gjeldande året. Arbeidet vert sett i samheng med avtale mellom den regionale partnerskapen, bestillingsbrevet frå fylkeskommunen til Innovasjon Norge og dei inngåtte avtalane mellom fylkeskommunen og destinasjonsselskapa.

I tillegg vil vurderingar om reiselivsnæringa frå rapportane «Et kunnskapsbasert reiseliv»¹, «Eit kunnskapsbasert Sogn og Fjordane»², vandrerapporten for Sogn og Fjordane³ og rapporten «Samordning av destinasjonsselskapa i Sogn og Fjordane»⁴ vere eit grunnlag for dei vurderingar og tiltak som vert gjort.

Reiselivsnæringa i Sogn og Fjordane

Reiselivet i fylket er sterkt prega av at vi er i eit distriktsfylke samstundes som vi deler dei utfordringar resten av reiselivsnæringa i landet elles har; høg arbeidsintensitet, kostnadsulemper samanlikna med andre land, utfordringar med omsyn til heilårsarbeidsplassar og kompetansebygging. Vidare er reiselivet i fylket prega av ein struktur med mange små bedrifter med lite kapital og svekka lønsemd. Reiselivsbedriftene er like med omsyn til pris, men har store ulikheiter når det gjeld kvalitet. Fylket har og ein ulempe i form av at vi ikkje har ein stor lokalmarknad som kan støtte opp under reiselivsbedriftene fullt ut. Vi har ein av verdas beste attraksjonar i form av naturen, men har ikkje nådd vårt potensial. Reiselivet endrar seg og turistane etterspør noko meir enn berre eksotisk natur. Difor har reiselivsnæringa og verkemiddelaktørar i større og større grad lagt vekt på å utvikle eit aktivitetsbasert reiseliv. Eit auka samarbeid mellom ulike reiselivsaktørar er naudsynt for at alle skal få auka inntening.

Destinasjonsselskapa i Sogn og Fjordane er i ei særstilling, fordi dei får eit fast tilskot som skal tene som godtgjersle for eit sett nærare spesifiserte oppgåver. Regjeringa sin reiselivsstrategi, «Destinasjon Norge», tek sikte på å effektivisere strukturen i næringa, og dermed også legge om finansieringa av mellom anna destinasjons- og landsdelsselskapa. Dersom det til dømes blir vedteken ein struktur som inneber direkte statleg medverknad utan regional politisk handsaming, medfører dette ei omlegging. Ei slik omlegging blir truleg ikkje gjennomført i 2014, men selskapa må bu seg på at dette kan vere aktuelt frå 2015/2016.

¹ Et kunnskapsbasert Norge: Rapport nr. 3/2010: *Et kunnskapsbasert reiseliv*. Erik W. Jacobsen, Anne Espelien

² Vestlandsforskning: Rapport nr.12/2011: *Strategier for utvikling av «Et kunnskapsbasert Sogn og Fjordane»*. Sluttrapport. Erik W. Jacobsen, Johannes Idsøe, Ingjerd Skogseid.

³ *Har vandring potensial til å være bærende tema for reiselivssatsingen i Sogn og Fjordane 2012 – 2025*, Menon Business Economics, MENON-PUBLIKASJON NR. 38/2012

⁴ Mimir AS: *Samordning av destinasjonsselskapene i Sogn og Fjordane*. 2012.

Arbeidet vert koordinert med det som skjer i den nasjonale reiselivsstrategien og eventuelt arbeid som skjer gjennom oppfølginga av Vestlandsrådet sin reiselivsstrategi (2013).

Midlar til gjennomføring av reiselivsplanen er løyvd gjennom budsjettsaka i FT-sak 55/13.

Regional plan for verdiskaping

Det føregår eit arbeid med regional plan for verdiskaping (VSP) der reiseliv er løfta inn som mogleg satsingsområde som skal inngå i planen. Reiselivsplanen frå 2010 ligg som eit godt og gjennomarbeidd grunnlag. Det vil difor vere mindre justeringar som er aktuelle for at denne kan innpassast i VSP som satsing og justeringane vil ta opp i seg dei erfaringar ein har hatt i oppfølginga av reiselivsplanen så langt. Nytt system for oppfølging av reiseliv vil ikkje vere aktuelt før 2015 og handlingsplanen for 2014 vil bygge på tidlegare års handlingsplanar og organisering.

2. Hovudmål

Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane 2010 – 2025 «Frå bre til hav» har tre hovudmål:

1. Auke i tal gjestedøgn.
2. Auka verdiskaping i reiselivsbedriftene i Sogn og Fjordane.
3. Reiselivet i Sogn og Fjordane skal vere berekraftig.

Som tidlegare drøfta, er delmåla som anbefalt i reiselivsplanen vurdert som ikkje heilt dekkande og det vil difor framleis vere behov for å vurdere innsatsen ut frå dei konkrete tiltaka som tenkast å ha effekt på dei overordna måla.

For å evaluere innsats og effekt av tiltaka som vert gjennomført i 2014, ynskjer styringsgruppa som i 2013 å sjå utvalde måleparameter på målet om verdiskapinga og berekraft. Auke i tal gjestedøgn og lønsemd i fylket er viktige mål, men gjev eit overordna bilete og speglar nødvendigvis ikkje effekten av dei einskilde tiltaka som ver gjennomført.

For å sjå på effektar av Aktørprogrammet skal det vere ei vurdering av den bedriftsretta innsatsen frå Innovasjon Norge:

- Utvikling på dei bedriftene i bedriftsnettverka – omsetningsauke.
- Løyvde midlar frå IN til bedriftsnettverka.

Vidare er det ikkje knytt særskilte effektmål til berekraft. Det vil difor vere naudsynt å gjere ei vurdering av dei tiltaka som omhandlar dette.

- Tal reiselivsbedrifter med miljøsertifisering og utvikling år for år.
- Vurdering av implementeringa av berekraft som overordna omsyn i alt reiselivsarbeid i fylket.

Vidare vert det viktig med ei grundig vurdering av den heilskapelege innsatsen frå alle tiltaka gjennom eitt år sett i samanheng med den nasjonale utviklinga i reiselivsnæringa.

3. Rolledeling

3.1. Hovudutvalet for plan og næring (HPN)

HPN godkjenner handlingsplan og budsjett for oppfølging av reiselivsplanen. Utvalet gjev fullmakt og midlar gjennom årleg løyvingssak. HPN skal vere godt kopla på arbeidet og resultat av dette gjennom jamlege orienteringar gjennom året og halvårleg rapportering.

3.2. Styringsgruppa

Styringsgruppa har det overordna ansvaret for gjennomføring av reiselivsplanen gjennom årlege handlingsplanar. Styringsgruppa er sett saman av ei rekkje ulike offentlege og private aktørar og er eit koordinerande og samordnande organ. Erfaringar frå dei siste åra syner at ein framleis har eit stykke igjen før styringsgruppa vert det strategiske organet som ein ynskjer. Vidare er det ei svakheit at viktige område som kultur og samferdsle ikkje er med inn i desse diskusjonane. Før oppstart av arbeidsåret vil styringsgruppa verte supplert med aktørar frå desse sektorane i tillegg til dei naudsynte suppleringar etter at tidlegare medlemmer har slutta.

Styringsgruppa består av følgjande aktørar:

- Fylkeskommunen
- Fylkesmannen
- Innovasjon Noreg
- Kommunane (KS)
- Næringa (overnatting, transport, aktivitet)

3.3. Programstyra

Programstyra er ansvarleg for ulike mål i reiselivsplanen. Gjennom ansvar for ulike tiltak i handlingsplanen skal programstyra medverke til måloppnåing. Den regionale partnerskapen har gjennom avtale ansvar for kvart sitt program/innsats:

1. Fylkeskommunen – infrastrukturprogrammet
2. Fylkesmannen – berekraftprogrammet
3. Innovasjon Norge – aktørprogrammet

Dei tre programma har ansvar for konkret oppfølging av kvart sitt hovudmål i reiselivsplanen.

- Infrastrukturprogrammet – auke i tal gjestedøgn.
- Berekraftprogrammet – reiselivet i Sogn og Fjordane skal vere berekraftig.
- Aktørprogrammet – auka verdiskaping i reiselivsbedriftene i Sogn og Fjordane.

4. Strategiar og tiltak

Reiselivsplanen definerer sju strategiske handlingsområder som er prioriterte tema for programstyra og som tiltaka vert utleia frå. Dei ulike programgruppene har sine meir detaljerte planar for korleis dei ulike tiltaka nedanfor skal følgjast opp i praksis.

4.1. Samhandling

Mål: Tettare kontakt mellom ulike aktørgrupper i reiselivsnæringa, anna næring, kunnskapsmiljø og ulike delar av offentleg sektor for samhandling om auka lønsemd, innovasjon og berekraft.

Tiltak:

4.1.1. Faglege treff fordelt på dei tre programma

2014 vert eit år der ein ikkje arrangerer ein stor årleg konferanse for næringa i fylket. Bakgrunnen er at tidspunktet for konferansen ville verte for tett opp til den store konferansen for Vestlandet som vart arrangert hausten 2013. Det vil difor verte arrangert mindre samlingar og treff i regi av dei tre programma i reiselivsplanen.

Aktørprogrammet:

- Samlingar for hotellnæringa i fylket med vekt på omstillingskrav mot nye trender i reiselivet.
- Samlingar for aktivitetsbedriftene med ansvar for auka profesjonalisering.

Ansvar: IN

Infrastrukturprogrammet:

- Vidareføring og utvikling av samarbeidsprosjektet mellom destinasjonsselskapa.

Ansvar: SFFK og infrastrukturprogrammet

- Arrangere treffpunkt mellom reiselivsnæring og kulturnæring med føremål å utvikle tettare koplingar mellom desse næringane. Næringslivsdagane 2014 skal mellom anna omfatte reiselivsnæringa.

Ansvar: SFFK og infrastrukturprogrammet

Berekraftprogrammet:

- Oppfølging av resultat av Snøggflørten 2013 – vidare oppfølging av dei aktørar som deltok.
- Etablering av faste lokale møteplassar mellom aktørane knytt til lokal mat.
- Vurdere nye former for distribusjon av (kortreist) lokal mat til lokale reiselivsbedrifter
- Nettverkssamling for miljøsertifiserte reiselivsbedrifter.

Ansvar: FMLA og berekraftprogrammet

4.1.2. Bedriftsnettverk og klyngeutvikling

Oppfølging av nettverksprogram for utvalde temabaserte reiselivsbedrifter i fylket for auka konkurransekraft. Følgje opp dei bedriftene som er i gong med hovudprosjekt for å utvikle nye produkt og marknader. Aktivitetar gjennom NCE Tourism Fjord Norway skal koordinerast med dette.

Ansvar: IN

4.1.3. Kompetanseprogram for reiselivsnæringa

Delfinansiere og tilby kurs for reiselivstil nettverk av reiselivsaktørar, fortrinnsvis destinasjonsselskapa.

Ansvar: IN

4.1.4. Felles nyhende­brev frå den regionale partnarsk­apen ut til reiselivsnæringa

Vidareutvikle IN sine nyhende­brev til reiselivsnæringa til faste nyhende­brev som går ut frå den regionale partnarsk­apen til reiselivsnæringa og andre relevante aktørar for å syne den samordna innsatsen. Brevet skal vere med å sikre god informasjonsflyt og forankring av reiselivs­arbeidet. Nyhende­brev­a skal sendast ut 3-4 gonger.

Ansvar: IN, SFFK og FMLA og SG

4.1.5. Styrings­gruppa for reiselivs­planen som koordinerande og strategisk forum

Styrings­gruppa for reiselivs­planen skal i endå større grad vere eit forum for koordinering av reiselivs­arbeidet, langsiktig prioritering og arbeid, god informasjonsflyt og arena for ny kunnskap. Styrings­gruppa skal ha fire møter i året der ny kunnskap og erfaringar vert formidla. og Medlemmane har klart ansvar for å formidle og forankre reiselivs­arbeidet vidare inn i sine nettverk og dele informasjon og formidle innspel inn til styrings­gruppa.

Styrings­gruppa skal i fellesskap arbeide særskilt med å forankre reiselivs­planen og det praktiske arbeidet kontinuerleg gjennom året. Særleg viktig vil det vere å koordinere dei ulike midlane til tiltak når midlane vert knappare. Kopling av samferdsle og kultur inn mot reiseliv skal ha særleg merksemd. Vidare vil arbeid knytt til å få betre datagrunnlag halde fram inn mot vestlands­strategien for reiseliv og kople arbeidet i NCE Tourism og Fjord Norge inn mot reiselivs­planen.

Ansvar: FK + SG

4.1.5. Styrka eksternt informasjon

Nytte nettsida www.bretilhav.no med tilhøyrande fb-profil til å samle all reiselivs­retta verksemd og gjere sida til ei nyttig og viktig side for reiselivsnæringa i fylket.

Ansvar: FK + IN +SG

4.1.6. Følgje opp Vestlands­strategien for reiseliv

Ansvar: FK + SG

4.1.7. Følgje opp nasjonal reiselivs­strategi «Destinasjon Norge» (2012)

Ansvar: FK + SG

4.2. Berekraftig reiseliv

Mål: Etablere ei lønsam reiselivsnæring som aukar trivselen i lokalsamfunna og som reduserer miljøbelastninga lokalt og globalt. Berekraftig forvaltning skal vere eitt av Sogn og Fjordane sine viktigaste konkurranse­føremoner.

Berekraftstenkinga skal vere gjennomgåande på alle tiltak og prosjekt.

Tiltak:

4.2.1. Forskings­prosjektet «Samspel for berekraftig reiseliv»

Sogn og Fjordane fylkes­kommune har i lag med Vestlands­forskning (VF) fått støtte frå Regionalt forskings­fond for Vestlandet til forskings­prosjektet «Samspel for berekraftig reiseliv». Prosjektet

er eit treårig prosjekt der ein skal utvikle ny kunnskap om vilkår for å integrere målet om eit berekraftig reiseliv i ulike sektorpolitikkområde. Kunnskapen skal støtte mål om miljømessig og sosial berekraft og auka lokal verdiskaping. Prosjektet skal følgjast opp inn i andre prosjektår med særleg vekt på resultat frå dei historiske undersøkingane og forprosjektet om kriterier.

Ansvar: FK+FM og berekraftprogrammet

4.2.2. Privat hyttebygging på berekraftig vis

Spreie kunnskap om korleis hyttebygging kan gjerast berekraftig gjennom eige temaseminar og implementering av temaet i møter som omhandlar planlegging og næringsutvikling.

Ansvar: SFFK, FM og berekraftprogrammet

4.2.3. Miljøsertifisering av reiselivsbedrifter

Gjennom å medverke til at fleire reiselivsbedrifter vert miljøsertifisert, styrkar Sogn og Fjordane sitt konkurransefortrinn med å bli eit meir berekraftig reisemål. Ei eiga ordning til dette vil vere eit viktig stimuli til å motivere fleire bedrifter til å verte miljøsertifiserte. IN får operatøransvar gjennom oppdragsbrev frå SFFK. Vidare vil det vere viktig at destinasjonsselskapa er med som motivator for miljøsertifiseringa og medverkar til å gjere ordninga kjent i sine miljø.

Ansvar: FK + IN + berekraftprogrammet + infrastrukturprogrammet

4.2.4. Merking av berekraftige destinasjonar

Det er no kome ei ordning med merkeordning for berekraft for destinasjonar. Det bør vere eit mål at flest mogleg destinasjonar vert berekraftige i fylket. Det må greiast ut og vurderast korleis ein skal nå eit slikt mål i fylket, kva som er realistisk og korleis ein kan stimulere til dette.

Ansvar: FK + IN + berekraftprogrammet

4.3. Produktutvikling

Mål: Produkta skal vere unike, tilgjengelege, vennlege og betre enn forventa.

Tiltak:

4.3.1. Utvikle og styrke produkt basert på «vandring» som tema mellom anna gjennom avtalane med destinasjonsselskapa

Følgje opp dei prosjekta som har fått midlar frå infrastrukturutlysinga med særleg vekt på vandreprosjekta med mål om å utvikle 1-2 vandreattraksjonar som held høgt nivå.

Ansvar: FK + infrastrukturprogrammet + IN

4.4. Infrastruktur og fellestiltak

Mål: Sogn og Fjordane skal vere lett å reise til, og i fine og godt tilrettelagte omgjevnader.

Tiltak:

4.4.1. Sikre tilgjengelegheit gjennom utlysing av midlar til infrastruktur

Det skal lysast ut midlar til infrastrukturtiltaksprosjekt som til dømes sesongutviding og rutetilbod og produktutvikling. Midlane skal tildelast prosjekt med klare mål og som støttar tydeleg opp under hovudmåla i reiselivsplanen og baserast på utvalde fyrtårn. Midla skal sjåast i samanheng med andre relevante tiltak i handlingsplanen.

Ansvar: FK + infrastrukturprogrammet

4.4.2. Auka samarbeid knytt til fellesgodetiltak

Arbeide for å finne gode samarbeidsformer knytt til stiar, parkering og skilting gjennom felles møteplassar for relevante aktørar.

Ansvar: FM og berekraftgruppa

4.4.3. Auka tilgjengeegheit gjennom merking og skilting

Følgje opp Gjensidige sitt landsdekkande merkeprosjekt.

Ansvar: SFFK og infrastrukturprogrammet

4.4.4. Etablering av interkommunale friluftsråd

Starte opp etablering av interkommunale friluftsråd gjennom pilot. Friluftsråda kan tenkast å avlaste og ta oppgåver i skjæringsfeltet mellom reiseliv, friluftsliv og folkehelse.

Ansvar: SFFK, FM, berekraftprogrammet og infrastrukturprogrammet

4.5. Marknadskommunikasjon

Mål: Lett å finne (synleg), lett å bli freista (behovsdekking) og lett å kjøpe (booking)

Tiltak:

4.5.1. Internasjonal marknadsføring gjennom styrka satsing til Fjord Norge frå fylkeskommunen, destinasjonsselskapa og næring si med berekraft som premiss

Ansvar: FK + infrastrukturprogrammet

4.5.2. Auka marknadsføring mot den norske marknaden

Marknadssamarbeid mellom destinasjonsselskapa og Fjord Norge med utvalde temasatsingar i felles kampanjar.

Ansvar: FK + infrastrukturprogrammet

4.6. Kunnskap og kompetanse

Mål: Auka kunnskap og kompetanse i reiselivsnæringa og offentlig forvaltning for å styrke lønsemd, innovasjon og berekraft

Tiltak:

4.6.1. Følgje opp forprosjekt «Forskingsprogram reiseliv»

Ansvar: FK + IN + SG

4.6.2. Ha ei samla oversikt over relevante kurs for næring og forvaltning på nettsida www.bretilhav.no

Ansvar: FK+IN+FM+infrastrukturprogrammet

4.6.3. Medverke til kompetanseheving og informasjonsutveksling gjennom kurs og foredrag til næringa

Ansvar: IN + SG

6. Budsjett

Budsjettet syner fylkeskommunale midlar til tiltak i 2014. I tillegg kjem innsats frå Innovasjon Norge på som dekkjer deira aktørsatsing og innsats på andre tiltak og midlar frå Fylkesmannen på kr.. Dette dekkjer drift av berekraftprogrammet, lokalmatsatsing og del av forskingsprosjektet «Berekraftig reiseliv».

Midlar og løyvingar	Løyving	Tiltak	Merknad
Løyving budsjett og økonomiplan	9 500 000		
Restmidlar frå 2013 - overført	1 044 188		
Restmidlar frå 2012 - overført	450 000		
INU-midlar sett av til reiseliv 2014	2 000 000		
INU-midlar sett av til reiseliv overført frå tidl.	1 093 012		
Fjord Norge - int. marknadsføring		4 050 000	Langsiktig - FT-vedtak
NCE Tourism Fjord Norway		350 000	Langsiktig - FT-vedtak
Rutetilbod Sognefjorden		400 000	Langsiktig - FT-vedtak
Adm. reiselivsplanen og infrastrukturprogrammet		200 000	Omfattar adm., møter, statistikkjøp, konferansar
Avtale - destinasjonsselskapa		3 000 000	Langsiktig - FT-vedtak
Forskningsprogram "Reiseliv"		1 000 000	
Bulystprosjektet "Bratt moro"		800 000	Langsiktig - FT-vedtak
FK sin andel av Gjensidige-prosjektet		350 000	
Utlysing av midlar til infrastruktur 2014		2 000 000	
Miljøsertifisering av reiselivsbedrifter		350 000	
Utviklingsavtale med Selje kommune - Selja		250 000	Langsiktig - FT-vedtak/KA (2013 og 2014)
Til disposisjon styringsgruppa		1 337 200	
SUM	14 087 200	14 087 200	